

ÅRSMELDING 2018

Meland Musikklag



Årsmøte i Meland Musikklag
Tysdag 05.02.19 kl. 19.00 i Musikkhallen

Oversikt over medlemmer i styret og andre utval i 2018:

Styret:

Leiar: Sissel Fløysand

Nestleiar: Catrine Danielsen

Kasserar: Stein Ove Vikebø

Skrivar: Solfrid Elisabeth Tveit

Styremedlem: Nina Aase

Vara 1: Knut Sagstad

Vara 2: Gro L. Hopland

Vara 3: Leni Dale

Husnemnd:

Steinar Fosse

Rune Nordrik

Kristian Folkedal

Eirik Johansen

Note- og materialforvaltar:

Knut Sagstad

Musikkutval:

David Morton (Vår 2018)

Leiar ønskjer eit musikkutval igjen, dette utpeikast av styret 2018 (er i skrivande stund ikkje gjort)

Revisorar:

Jill Iren Kaland

Amund Heir

Valnemnd:

Monica Elise Vikan

Astrid Berg Nordrik

Årsmelding 2018

Årskalender 2018

Dag og dato	Aktivitet	Ansvarleg
Laurdag 06.01.18	Nyttårsfest i Musikkhallen	Gro, Solfrid, Amund, Stein Ove.
Torsdag 11.01.18	Nyttårskonsert med Sjøforsvarets musikkorps	Styret
Tysdag 23.01.18	Øving med skulekorpsa	Styret. Bjarte Riseng vikardirigent.
Tysdag 30.01.18	Øving med skulekorpsa	Styret. Bjarte Riseng vikardirigent.
Sundag 04.02.18	Øving + konsert med skulekorpsa	Styret. Bjarte Riseng vikardirigent.
Tysdag 06.02.18	Årsmøte	
Laurdag 10.03.18	Konsert med Seim Musikklag og Alversund Musikklag. Påfølgjande fest.	Seim Musikklag. Sissel og Nina frå MML.
Tysdag 20.03.18	Påskelotteri	Hjørdis Margrethe, Rune
Torsdag 17.05.18	Marsjering i folketoget + speling ved Meland Kyrkje.	
Tysdag 22.05.18	Medlemsmøte	
Fredag – søndag 25-27.05.18	Dugnadshelg i Musikkhallen.	Husnemnda
Laurdag 23.06.18 – søndag 24.06.18	Tur til Flåm. Sommaravslutning	Anita, Kristian, Sissel
Tysdag 21.08.18	Fyrste øving etter sommarferien. Ny dirigent Thorgeir Thunestvedt.	
Tysdag 25.09.18	Innspeling av Alver vignetten	Rådgjever Kultur Bente Kopperdal
Laurdag og Søndag 29-30.09.18	Oppstartsseminar Modalen	Astrid, Eirik
Laurdag 27.10.18	Speling i 40 års dagar til Silje og Stein Ove.	
Laurdag 03.11.18	Seminar i Musikkhallen m/instruktørar	Steinar, Kristian, Jill, Amund, Evy
Sundag 04.11.18	Fellesøving + Basar	Steinar, Kristian, Jill, Amund, Evy
Måndag 12.11.18	Konsert m/ Skodvin Skulemusikk og Hordabø Skulemusikklag	Styret

23.-25. november 2018	JanAm i Stavanger	Nina, Rune, Stein Ove, Laura Camilla
Tysdag 11.12.18	Speling på juleavslutning Vestbygd Skule	Stein Ove, Siri, Catrine, Thomas, Solfrid
Onsdag 12.12.18	Speling på juleavslutning Vestbygd Skule	Stein Ove, Siri, Catrine, Thomas, Solfrid
Sundag 16.12.18	Julekonsert i Meland Kyrkje	Siri, Thomas, Bjarte

AKTIVITETER 2018:

1: Faste øvingar

Meland Musikklag har hatt sine faste øvingar i Musikkhallen på tysdagar. Våren 2018 har øvingane vore frå kl. 19.00 – 21.30, haust 2018 frå kl. 19.30-22.00. David Morton har vore korpsets faste dirigent våren 2018. Frå hausten 2018 har Thorgeir Thunestvedt vore fast dirigent i Meland Musikklag.

Vikardirigent: Bjarne Riseng.

I tillegg til dei faste tysdagsøvingane har korpset hatt ekstraøvingar og seminar som ein del av førebuingane til Nyttårskonsert og JanAm.

2: Kontingent

Kontingenten i Meland Musikklag har også i 2018 vore på 1500 kr per år (uendra frå 2016).

3: 2018 med Meland Musikklag:

3.1 Nyttårsfesten 2018

Nyttårsfesten vart halde i Musikkhallen den 06.01.18. Heartbeat spelte. Denne gongen var det rundt 130 festdeltakarar med på festen. Fullt hus!!

3.2: Nyttårskonsert

Den tradisjonelle nyttårskonserten blei halde i Knarvik Kyrkje torsdag 11.01.18. Sjøforsvarets Musikkorps Vestlandet var også i år våre gjester, dette året med Bjørn Sagstad som dirigent. Dei framførte et flott program, solist var Lydia Hoen Tjore.

Meland Musikklag framførte et variert program under leiing av David Morton.

Program:

1. Fanfare and Flourishes
2. Dar kjem dampen, solist; Siri Andvik.
3. How far I will go, solist på sang; Cathrine Høgquist
4. Buglers holiday, solistar; Stein Ove Vikebø, Monica Vikan og Siri Andvik.
5. New baroque suite, 2. Sats AIR
6. BB & CF
7. Wind beneath my wings, solist Gro Anita Høgquist
8. The pines of Rome

Konferansier: Thomas Gisle Fosse

NMF var og til stades for å markere musikkorpsset år 2018. MML og Sjøforsvaret fekk kvar sin merksemd.

Konserten var bra besøkt, og publikum såg ut til å kose seg med det dei fekk høyre. Kaffi og kaker i pausen.

3.3: Øving saman med Sagstad og Rossland Skulekorps

Tysdag 23.01.18 og tysdag 30.01.18 hadde MML fellesøving med Sagstad Skulekorps og Rossland Skulekorps. På øvingane var det alle musikantar kl. 19 - 20 og frå kl. 2030 - 2130 var det MML og skulekorpsmusikantar i ungdomsskulealder.

Sundag 04.02.18 hadde vi felles seminar, og det heile blei avslutta med konsert søndags ettermiddag.

Dirigent: Bjarte Riseng

Program:

1. Flåklypa Medley
2. Walking Home
3. In Flight
4. Half Moon over Hudson

3.4: Konsert i Musikkhallen med Alversund Musikklag og Seim Musikklag

MML var invitert til konsert med Alversund Musikklag og Seim Musikklag i regi av Seim Musikklag. Konserten ville dei ha i Musikkhallen med påfølgjande fest. Felles middag - gryterett, ris og salat. Quiz og dans etterpå.

Dirigent: David Morton

Program:

1. Michael
2. Death or Glory
3. Buglers holiday, solistar; Stein Ove Vikebø, Monica Vikan og Siri Andvik.
4. New Baroque Suite 2. Sats AIR
5. Fanfare and Flourishes
6. How far I will go, solist: Siri Andvik.

3.5: Påskelotteri

Påske lynlotteri var tysdag 20. mars. Her var det mykje fråfall, 18 musikantar deltok og inntekta blei deretter. Men god innsats av dei som møtte opp.

3.6: 17. mai

Meland Musikklag spelte også i år i folketoget frå Vestbygd Skule til Meland Kyrkje. Lars Barstad var med på stortromme. MML spelte òg ved arrangementet ved kyrkja.

Marsj program:

1. Headway
2. King Size
3. Holland Brass
4. Norge i rødt, hvitt og blått
5. Broadway
6. Rumisberger

3.7: Dugnadshelg

Grunna sein sesongavslutning dette året, valte Husnemnda å ha dugnadshelg 25. – 27. mai, i staden for fleire tysdagsdugnader som tidlegare år. Arbeidsoppgåver var m.a. rundvask, maling, rydding og generelt vedlikehald av Musikkhallen. Oppmøtet var stort sett brukbart, og det blei gjort mykje bra dugnadsarbeid også dette året.

Sjå rapport frå Husnemnda.

3.8 Avslutningstur til Flåm

Sesongens avslutningstur gjekk til Flåm. Vi spelte ved Joker Gudvangen. Deretter reiste vi til Flåm for oppmarsj/marsjering kl. 17, etterfylgt av speling på stranda frå kl. 17.30 - 18.00.

Dirigent: David Morton

Program:

1. Fresh
2. Valdresmarsj
3. Bunch O'Bones trombonekvartett: Rune Nordrik, Solfrid Elisabeth Tveit, Amund Heir og Bjarte Fosse
4. Løvetann og skvallerkål
5. En solskinnsdag
6. Ut mot havet
7. Seterslått
8. The Floral Dance.

+ marsjane King-Size og Rumisberger

Lite publikum i Gudvangen.

I Flåm var det mykje folk, aktivitetar, sal av mat og konsert med det lokale korpset.

Publikum var godt nøgde og glade for konserten.

Etter Flåm drog vi tilbake til campinghyttene i Gudvangen og hadde sosialt samvær med m.a. grilling og støvelkast.

God stemning til langt på natt.

3.9: Innspeling av Alver Vignetten

To medlemmer frå musikklaget, Monica og Knut var med på urframføringa av Alver vignetten, den 17.06.2018 på Staurevarden. Alle ordførarane (Lindås, Radøy og Meland) var til stades. Medlemmer frå Musikklaget var og med spelte vignetten på Håøya i September. I samband med kommunesamanslåinga, skal alle Nordhordlandskorpsa spela inn Alver vignetten, skrive av Frode Rydland. Meland Musikklag var første korpset som spelte denne inn. Dette gjekk føre seg tysdag 25.09.18. Ordførar i Meland Kommune var til stades og opna det heile. Stafettspinnen sendte me vidare til Seim Musikklag.

3.10: Oppstartsseminar Modalen.

Vi starta haustsesongen med seminar i Modalen, med speling på dagtid og middag/sosialt samvær på kvelden. Vi overnatta på Mobryggja og nokon i båt. Det vart øving på JanAm programmet begge dagar.

Ny dirigent for sesongen: Thorgeir Thunestvedt.

Program:

1. Morgenstemning, solist: Catrine Danielsen
2. Kantslått
3. BlindeKari Hallingen
4. Blåmann Blåmann, Solist: Siri Andvik
5. Festival i Dovregubbens Hall

6. Marsj etter Erling Kjøk, solist: Laura Camilla Størseth
7. Halling

Sissel informerte medlemmene, på vegne av styret, om at MML diverre ikkje var påmeldt kvalifisering til NM. Grunna misforståingar vart ikkje MML påmeld innan fristen. Dette var leit og styret ville finna alternative aktivitetar til NM deltaking.

3.11: Bursdagsspelning

Musikklaget vart invitert til å feire Silje og Stein Ove sine 40 års dagar i Musikkhallen. Laurdag 27.10.18 kledde me oss opp i 1970 tals klede, og opna festen med innmarsj etter Gammal Jegermarsj.

3.12: Seminarhelg og Basar

Sundag 04. november 2018 hadde MML sin årlege basar, dette året med ny vri. Seminarhelg blei arrangert samstundes. Laurdag 03. november 2018 var det gruppeøving med instruktørar. Treblås var i Blåklokka Barnehage med instruktør Line Tvedt. Messing var i Musikkhallen med instruktør Sindre Bowitz Larsen.

Felles øving på sundag før basaren.

Dirigent: Thorgeir Thunestvedt

Program:

1. Morgenstemning, solist: Catrine Danielsen
2. Kantslått
3. BlindeKari Hallingen
4. Blåmann Blåmann, Solist: Siri Andvik
5. Festival i Dovregubbens Hall
6. Marsj etter Erling Kjøk, solist: Laura Camilla Størseth
7. Halling

Det var godt frammøte, god stemning og god inntekt på arrangementet. Prisen på årene var kr 5/10 per åre.

3.13: Konsert med Skodvin – og Hordabø Skulemusikklag.

Skulekorpsa arrangerte konsert måndag 12.11.18 i forbindelse med deltaking ved Sotra festivalen. MML nytta høvet til å testa ut JanAm programmet.

Dirigent: Thorgeir Thunestvedt

Program: JanAm program.

3.14: JanAm, Forus Stavanger.

Meland Musikklag deltok i JanAm som dette året var på Scandic Forus i Stavanger, helga 23.-25. november. Tema for årets framføring på konkurransedelen frå MML var, Norsk folkemusikk.

Dirigent: Thorgeir Thunestvedt

Program:

1. Morgenstemning, solist: Catrine Danielsen
2. Kantslått
3. BlindeKari Hallingen
4. Blåmann Blåmann, Solist: Siri Andvik
5. Festival i Dovregubbens Hall
6. Marsj etter Erling Kjøk, solist: Laura Camilla Størseth
7. Halling

Damene stilte med 2017 “Lilly-Bergen-bunad” og herrene stilte i kvit skjorte, svart (kne)bukse, svarte sko, kvite knesokkar og raude bukseselar.

Korpset blei i år nummer 1 i førstedivisjon, med heiderleg omtale. Vi kom heim med fire første plasser; vinner av 1. divisjon, solistpris til Siri Andvik, beste videopresentasjon og underholdingsprisen.

Innspeiling av film vart i stor grad gjort fredag den 26. oktober om ettermiddagen på Vikebø. Stein Ove var både manusforfattar, kameramann, regissør, klippar, lydmann etc.....

I år var det Thomas som kjørte bussen som frakta dei fleste i korpset trygt til og frå Forus. Resten reiste med fly eller eigen bil.

3.15: Juletreffestar på Vestbygd Skule

Solfrid, Thomas, Catrine, Siri og Stein Ove spelte på juletreffestar på Vestbygd Skule. Tysdag 11.12.18 og onsdag 12.12.18. Godt likt.

3.16: Julekonsert

Julekonsert i Meland Kyrkje med andre lokale aktørar.

Vikardirigent: Torunn Bachmann

Program:

1. Gamal Julesalme,
2. Vitae Lux solist: Siri Andvik
3. Silent Night
4. Deilig er jorden.

4: Sesongavslutning

Årets sesongavslutning blei tur til Flåm, og St. Hans feiring der. Sjå punkt 3.8.

5: Instrumenter kjøpt inn i 2018:

Innkjøp av pauker blei gjort under Landsfestivalen i Bergen 2018. Vi har kjøpt tre pauker i tillegg til konsert Stortromme.

Vi har òg kjøpt inn Støyskjerming rundt slagverk, to stk. Flexi skjermar «Manhasset» frå Musikkmiljø. Størrelsen er 55 x 66 cm, kan bli opptil 167 cm høgt. Vi prøver med to først, og evaluerer etter kvart.

6: Styrets arbeid 2018

Styret har sidan årsmøtet 2018 hatt 9 styremøte. I tillegg har korpset hatt eit medlemsmøte (22.05.18). Styremøta går som vanlig med til å planlegge aktivitetar, vidare drift i laget og ha oversikt over økonomien.

Det er gledeleg at Meland Musikklag heldt medlemstalet oppe. Sjølv om nokon har slutta/søkt om permisjon, har vi også fått inn nye medlemmer. Vi har og fleire «hospitantar» frå skulekorpsa. Det ser ut til at desse musikantane har funne seg godt til rette og trivast saman. Dei er ein god gjeng. Styret håper denne positive trenden vil fortsetje også i 2019, og at vi stadig kan auka besetningstalet.

Medlemsliste MML 2018		
Amund Heir		
Anita Høgquist		
Ann-Kristin Borthheim	ny 21/8-18	
Aslaug Dale		
Astrid Berg Nordrik		
Bjarte G. Fosse		
Catrine Iren Danielsen		
Eirik Johansen		
Emma Langhelle Sagstad	ny 4/9-18	Hospitant
Esther Sjøderstrøm Tveit		
Evald Hopland	Sjuk delar av året	
Evy Utne Knutsen		
Frode Wikne	Permisjon våren	
Gisle Fosse		
Gro Losnedahl Hopland		
Harald Rongevær		
Hjørdis Margrethe S.Hjertås		
Ida Stokkenes		Hospitant
Ina Stokke Kvinge		Hospitant
Jill Iren Kaland		
Kamilla Sagstad	Permisjon delar av året	
Knut Sagstad		
Kristian Folkedal		
Laura Camilla Størseth		
Leni Dale		
Martinus Johan S. Hjertås		
Monica Elise Vikan		
Nina Aase		
Oddvar Gald	ny 21/8-18	
Odianne Hermansen		Hospitant
Renate Dyrstad Skår		
Rune Nordrik		
Silje Bruket	Barselperm delar av våren	
Siri Andvik		
Sissel Fløysand		
Solfrid Elisabeth Tveit		
Steinar Fosse		
Stein Ove Vikebø		
Stina Nes Sjursen		Hospitant
Thomas G. Fosse		
Tobias Storsæt	ny 21/8-18	Hospitant
David Morton	vårsemester	Dirigent
Thorgeir Thunestvedt	ny 21/8-18	Dirigent